ÅRSMØTE I RADØY SAU OG GEIT 2018

Årsmøtet vart halde den 31.01.2018 Kl 20.00 på Smiths møte og selskapslokaler.20 medlemmer møtte.

Kåre Hole ønskte velkommen til møtet.Denne kvelden hadde vi fått med oss Kjetil Rødland , nestleiar i HSG.
Han fortalde litt om historien til HSG og korleis organisasjonen er bygd opp. Han snakka og om kåringssjåa i Hordaland og viste bilete.Heile foredraget hans kan ein finne på heimesida til Radøy sau og geit.
Etter dette kom han med opplysningar om det nyoppstarta Nortura klyppeteam (oppstarta for ei veke sidan).Dette med tanke på og tilby norsktalande klypparar til medlemmane.Det ligg liste med navn og tlf nr på Nortura sine sider.No er det opp til medlemmane og vere flinke og bruke dei.
Kåre tok opp at det er eit problem med korleis medlemskontakten fungerer idag . Det eine er korleis ein vert møtt når ein ringer inn og lurer på eit eller anna .
Ein anna ting er at når det kjem nye medlemmer til må sauelaget finlese medlemslistene sine for å finne det ut . Det er ikkje noko ordning idag som gjer at lokallaget får beskjed om at dei har fått ein ny medlem . Det samme gjeld hvis ein medlem melder seg ut .
På spørsmål om fylkessammanslåinga har noko å seie for om det vert eit eller to fylkeslag er det for tidleg og seie noko enda .
Men det er ønskeleg å fortsette som før p.g.a at kronglete geografi og store grupper er ei utfordring med hensyn til m.a møtevirksomheita.
Korleis fylkessamanslåinga vil virke inn på tilskuddsordningane frå fylkesmannen veit ein heller ikkje noko om enda .Ordninga med 40 kr pr heimsanka dyr er det berre Hordaland som har . Sidan organiseringa av tilskuddet er så ulikt idag kan ein sjå for seg at ordninga kan verte endra og meir samkjørte .
Kjetil orienterte og om 70-års markeringa til HSG og at alle medlemmane er velkomne til og delta på festmiddagen den 24.Februar kl 19.30 på Stord Hotell .Prisen er 480 kr pr person og påmeldingsfristen er 09.02.

Han minna oss også på spørreundersøkinga frå HSG om lammeproduksjonen neste år . Fristen er no forlenga til 1.Mars .
Tendensen frå fostertelingane så langt viser fleire tomme sauer og mindre lam .
Etter maten fortsatte møtet med årsmøtesaker . Kåre Hole delte ut premie for beste revejegar til Bjørn Tore Vaktskjold som ikkje sjølv var tilstades . Han skaut 5 revar.

1. Kåre Hole vart vald til møteleiar.
2. Innkalling og saksliste vart godkjend.
3. Erna Tunsberg Erstad vart vald til skrivar.
4. Gunnar Kartveit og John Morken vart vald til å skrive under møteboka.
5. Årsmeldinga vart lese opp av Erna Tunsberg Erstad . Det var ingen innvendingar til årsmeldinga men det vart kommentert at det var ei flott årsmelding.
6. Rekneskapet vart lest opp og gått igjennom av Edgar Grindheim

Spørsmål frå Elin Morken og Johannes Kartveit på kvifor kåringsutgiftene var større i år enn ifjor .
Edgar forklarte at det ikkje var ført på samme måten som ifjor . Tilskuddet som vi fekk frå kommunen og utgiftene våre til Austrheim.
Det var og spørsmål angående møteinntektene og utgiftene . Dette forklarte Edgar var ført på 2017 etter julemøtet.
Forskjellen på posten gaver vart forklart . Det var innkjøpet av refleksvestar med logoen til laget på. Desse vart gitt i gave til medlemmane på julemøtet og delt ut til dei som ikkje var der etterpå.
Forskjellen på posten ullinnsamling vart forklart med at det var etterbetaling frå Fatland etter purring.
Rekneskapen vart så godkjend.
7. Kåre Hole las opp handlingsplanen . Vi fekk innspel frå Jan Gunnar Vaktskjold om å ta med open gard. Denne skulle iår vere i April . Sidan dette er midt i lamminga var det forståelig om vi ikkje kunne stille på samme måten som i August.

Elin Morken nevnte at julemøtet måtte vere med på planen .
Dette er ein viktig sosial sammenkomst for medlemmane.
Handlingsplanen vart så godkjendt.
8. Innkomne saker / Saker frå styret .
Det hadde komme spørsmål om og vere med og sponse NM i gjetarhund .
Dette er eit stort arrangement der 90 av dei beste hundane i Noreg deltek . Det er viktig med støtte frå lokallaga.
Det vart bestemt på årsmøtet at vi støttar dei med 1500 kr.

Vi har fått forespørsel frå Lindås og Meland sau og geit om og vere med dei og arrangere kåringssjå i Knarvik . Dette skal gå føre seg i parkeringshuset bak lensmannskontoret i forbindelse med ein matfestival som dei skal ha der .
Austrheim hadde ikkje fått forespørsel om og delta.Styret meiner at det vil ikkje verte mindre dugnad om vi går for dette og sidan vi allerede har eit godt etablert samarbeid med Austrheim vil det vere synd å ødelegge dette.
Edgar peikte på at første året var Austrheim og Radøy aleine og det gjekk veldig fint .
Sannsynlegheita for at dugnadsmengda går ned hvis vi blir færre er og stor fordi ein da ikkje vil ha bruk for det største teltet.Ein må snakke med Austrheim om å få bruke det små teltet til lamma.
Kommentar frå Johannes Kartveit om at vi vert snart ein kommune og då må vi tenke på det også i denne sammanhengen.
Kommentar frå Edgar Grindheim om at det ikkje er nokon automatikk i at vi må vere eit sauelag fordi om vi no vert ein kommune .
Jan Gunnar Vaktskjold kommenterte at smittevernet på kåringssjået har stort forbedringspotensiale. Dette er det viktig at vi jobbar meire med.
Kommentar frå Elin Morken om at det er eit minus for oss hvis Lindås og Meland sitt kåringssjå vert før vårt og dei får seld lamma sine først.
Vi må undersøke med Austrheim om det er mulig å flytte på datoen.
Kommentar frå Sissel Borgund Johannessen om at ein kan la Lindås og Meland arrangere sjået åleine iår og prøve det ut .
Vi kan gi det eit år og så komme tilbake til kva vi skal gjere.

Vi gjekk tilslutt for å snakke med Austrheim om telt størrelse og dato for sjået . Ein var enig om at Austrheim nok ville strekke seg litt hvis dei var ville at vi skulle fortsette samarbeidet .

9. Valg av nytt styre

Svein Haugen frå valgkomiteen styrte valget.

Han opna med og gje oss alle ein tankevekkar angåande at det var vanskelig å få folk til å stille som leiar .

Kommentar frå Gunnar Kartveit om at det var viktig at ein skal kunne gå på årsmøtene og vere med i laget utan at ein skal måtte føle på at ein «må» ta på seg eit verv.

Møtene er og viktig for det sosiale.

Det kom forslag om at vi kunne kalle inn alle varafolka på møtene og på den måten ha fleire kandidatar til leiarvervet.

Vi har også i år vore så heldig at Kåre Hole har tatt på seg ansvaret for laget og stilt seg disponibel som leiar.

Valget vart til slutt gjennomført og her er resultatet.

VALG AV NYTT STYRE

Leiar Kåre Hole (valgt for eit år)

Torill Valdersnes (valgt for 2 år)

Erna Tunsberg Erstad (valgt for 2 år)

Øyvind Morken (på valg neste år)

Edgar Grindheim (på valg neste år)

Atle Mariussen takkar for seg etter to år som styremedlem.

vara Sissel Borgund Johannessen (valgt for 1år)

vara Birger Vestheim (valgt for 1 år)

vara Thore Johnsen (valgt for 1år)

Revisorar ; Kristen Risnes og Vidar Morken

(Desse er valgt for 1 år)

10. Valg komiteen vert no ; 1 Ivar Soltveit, 2. Svein Haugen.3.Knut Arve Kartveit . Arve Erstad går ut.

Styret fekk fullmakt til å velge utsendingar til årsmøtet i HSG sjølv.

Etter forslag frå valg komiteen vart det vedtatt å auke godtgjersla til leiar og kasserar til 2500 kr til kvar.

Møtet slutt ca 22.30

Etter møtet hadde sauelaget styremøte der dei konstituerte seg slik :

Leiar Kåre Hole
Nestleiar Torill Valdersnes
Kasserar Edgar Grindeheim
Skrivar Erna Tunsberg Erstad
Styremedlem Øyvind Morken

Styret fann også utsendingar til årsmøtet . Det vart ; Leiaren Kåre Hole og nestleiar Torill Valdersnes .

Møte slutt ca 22. 50